

Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 06.12.2017
Tidspunkt: 09:00-12:25

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Leiar	A
Kjell Søvik	Nestleiar	FF0
Harald Norheim	Medlem	SAFO
May Eva Sandvik	Medlem	H
Inge Fiskvik	Medlem	FFO
Nina Murberg til kl. 11:30	Medlem	FFO

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Ingen		

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Nils Egil Vetlesand	Seksjonsleiar, Økonomiavdelinga
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær/jurist

Sakliste

Utvals-saknr	Innhold	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 38/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 39/17	Godkjenning av sakliste		
PS 40/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 41/17	Referatsak (meldingar)		
RS 16/17	Ankomst-skjerm på Sørås-Tannklinikk - status	2017/485	
RS 17/17	Blinde og svaksyntes utfordringer med kollektivtilbodet i Hordaland	2017/485	
RS 18/17	Møtereferat frå RMNF-AU 10.10.2017	2016/34506	
RS 19/17	Møtereferat frå RMNF AU-21.11.2017	2016/34506	
PS 42/17	Forslag til budsjett 2018 - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2017/485	
PS 43/17	Høyring om forslag til endringar i TT-ordninga	2017/485	
PS 44/17	Opprettig av brukarmedverknadsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4	2017/485	
PS 45/17	Eldre døve som blir tilsidesatt i kommuner i Hordaland	2017/485	
PS 46/17	Ymse		

PS 38/17 Godkjenning av møteinnkalling**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.12.2017****Vedtak**

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

PS 39/17 Godkjenning av sakliste**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.12.2017****Vedtak**

Sakslista vart godkjent utan merknader.

PS 40/17 Godkjenning av møtebok forrige møte**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.12.2017****Vedtak**

Møteboka frå møtet den 23.10.2017 vart godkjent utan merknader.

PS 41/17 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.12.2017

Vedtak

Referatsak 16/17 Ankomst-skjerm på Sørås-Tannklinikk staus:

Leiar Kjell G. Håland redegjorde for status i saka. Han hadde motteke melding frå fylkestannlege Arne Åsan. Fylkestannleggen skriv:

«Jeg viser til e-posten fra deg. Eiendomsavd har engasjert arkitektfirmaet OgArkitekter til å gjøre en kartlegging av universell utforming på tannklinikkena som brukes av tannhelsetjenesten i Hordaland. Denne kartleggingen blir gjennomført nå i disse dager, og omfatter også plassering av ankomstregisteringsskjemer. Når kartleggingen er avsluttet vil det bli utarbeidet en rapport, som så vil danne grunnlaget for aktuelle tiltak. Jeg ser for meg at ev tiltak vil bli iverksatt så snart rapporten foreligger. Jeg vil også nevne at en tilsvarende kartlegging av universell utforming av tannklinikkena ble utført for en del år tilbake. Men fordi alt endres over noe tid er det vurdert som både nødvendig og naturlig å foreta en ny kartlegging.»

Referatsak 17/17 Blinde og svaksyntes utfordringer med kollektivtilbudet i Hordaland:

Kjell Søvik (FFO) sette fram slikt forslag til svar til SKYSS:

«I forrige periode var det eit meir formalisert samarbeid mellom RMNF og SKYSS. For at organisasjonane skal kunne bruka RMNF som kanal inn mot SKYSS, så er det ønskjeleg med ein fast møteplan, feks. kvartalsvise møter (4 møter pr. år) mellom SKYSS og RMNF.»

Røysting:

Søvik sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

I forrige periode var det eit meir formalisert samarbeid mellom RMNF og SKYSS. For at organisasjonane skal kunne bruka RMNF som kanal inn mot SKYSS, så er det ønskjeleg med ein fast møteplan, feks. kvartalsvise møter (4 møter pr. år) mellom SKYSS og RMNF.»

Referatsakene 18/17 og 19/17 vart refererte og tekne til orientering.

RS 16/17 Ankomst-skjerm på Sørås-Tannklinikk – status

RS 17/17 Blinde og svaksyntes utfordringer med kollektivtilbodet i Hordaland

RS 18/17 Møtereferat frå RMNF-AU 10.10.2017

RS 19/17 Møtereferat frå RMNF AU-21.11.2017

PS 42/17 Forslag til budsjett 2018 - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek forslag til budsjett 2018 for RMNF til etterretning.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.12.2017

Inge Fiskvik (FFO) sette fram slikt forslag:

«RMNF forutsett at Hordaland fylkeskommune si plan for universell utforming vert følgt opp vidare, og at det vil gjevest nødvendige midlar til dette føremål inntil fylket blir fullt ut blir tilgjengeleg for alle grupper.

RMNF reagerer på at grupper med særskilte behov for spesiell tilrettelegging, det vere seg innan utdanningsfeltet eller samferdsel, ikkje er konkret belyst på noko vis i det framlagte budsjett. Fylket må vere seg bevisst sitt ansvar også for desse gruppene.»

Røysting

Fiskvik sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek forslag til budsjett 2018 for RMNF til etterretning.

RMNF forutsett at Hordaland fylkeskommune si plan for universell utforming vert følgt opp vidare, og at det vil gjevast nødvendige midlar til dette føremål inntil fylket blir fullt ut blir tilgjengeleg for alle grupper.

RMNF reagerer på at grupper med særskilte behov for spesiell tilrettelegging, det vere seg innan utdanningsfeltet eller samferdsel, ikkje er konkret belyst på noko vis i det framlagte budsjett. Fylket må vere seg bevisst sitt ansvar også for desse gruppene.»

PS 43/17 Høyring om forslag til endringar i TT-ordninga

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil kome med ein høyringsuttale i saka forslag til endringar i TT-ordninga.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.12.2017

Kjell G. Håland (A) sette fram slikt forslag:

1 Eit godt samferdsle og transporttilbod er ein naudsint føresetnad for at menneske med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i samfunnet.

Dagens TT-ordning dekkjer ikkje menneske med nedsett funksjonsevne sine behov for transport.

2. Først når staten sin tilskottsordning til «tunge» TT-brukarar (blinde/svaksynte og rullestolbrukarar) også gjeld for Hordaland kan det vere aktuelt for RMNF å støtte fylkesrådmannen sitt alternativ 1 med lik grunnvote til alle TT-brukarar.

Inntil staten har gjennomført prosessen som skal sikre «tunge» TT-brukarar, rår RMNF til at nogjeldande TT-ordning blir vidareført.

3. RMNF støtter fylkesrådmannen sitt forslag med å auke nedre aldersgrense til 10 år og øvre aldersgrense for å få livsviktig godkjenning til 85 år. Vidare støtter RMNF forslaget om at all sakshandsaming blir lagt til fylkeskommunen, for å sikre likebehandling.

4. Det må settjast krav til transportørane at TT-kort kan brukast. Transportoperatørar som skal ta imot TT-kortet frå TT-brukarane, må påleggast å alltid kunne bruke terminal for TT-kortet. Dersom Sjåførar ikkje klarar å nytte systemet, skal ikkje TT-brukaren belastas, men fortsatt berre betale

15 % av turens kostnad. Fylket må ta i bruk sanksjonsmøgelegeheiter ovanfor transportoperatørar som ikkje klarar å overhalde dette.

Røysting:

Håland sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

1 Eit godt samferdsle og transporttilbod er ein naudsynt føresetnad for at menneske med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i samfunnet.

Dagens TT-ordning dekkjer ikkje menneske med nedsett funksjonsevne sine behov for transport.

2. Først når staten sin tilskuddsordning til «tunge» TT-brukarar (blinde/svaksynte og rullestolbrukarar) også gjeld for Hordaland kan det vere aktuelt for RMNF å støtte fylkesrådmannen sitt alternativ 1 med lik grunnkvote til alle TT-brukarar.

Inntil staten har gjennomført prosessen som skal sikre «tunge» TT-brukarar, rår RMNF til at nogjeldande TT-ordning blir vidareført.

3. RMNF støtter fylkesrådmannen sitt forslag med å auke nedre aldersgrense til 10 år og øvre aldersgrense for å få livsvarig godkjenning til 85 år. Vidare støtter RMNF forslaget om at all sakshandsaming blir lagt til fylkeskommunen, for å sikre likebehandling.

4. Det må settes krav til transportørane at TT-kort kan brukast. Transportoperatørar som skal ta imot TT-kortet frå TT-brukarane, må påleggast å alltid kunne bruke terminal for TT-kortet. Dersom Sjåførar ikkje klarar å nytte systemet, skal ikkje TT-brukaren belastas, men fortsatt berre betale 15 % av turens kostnad.

Fylket må ta i bruk sanksjonsmogelegeheter ovanfor transportoperatørar som ikkje klarar å overhalde dette.

PS 44/17 Opprettning av brukarmedverknadsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil foreslå kandidatar til brukarmedverknadsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.12.2017

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag:

- Harald Norheim (RMNF/SAFO)
- Heine Oen (FFO)
- Matthias Viktorsson (Kommunalt Råd Bergen/FFO)
- Lian Ching Lech (Safo/Handikap forbundet)
- Nina Murberg (RMNF/Dysleksiforbundet)
- Eirik Torkildsen (SAFO/NFU)

Røysting:

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- Harald Norheim (RMNF/SAFO)
- Heine Oen (FFO)
- Matthias Viktorsson (Kommunalt Råd Bergen/FFO)
- Lian Ching Lech (Safo/Handikap forbundet)
- Nina Murberg (RMNF/Dysleksiforbundet)
- Eirik Torkildsen (SAFO/NFU)

PS 45/17 Eldre døve som blir tilsladesatt i kommuner i Hordaland

Forslag til vedtak

Forslag til uttale vert vedtatt:

Fylkesrådet vil oppfordre alle som er medlemmar i kommunale råd om å ta sette spørsmålet opp med administrasjonen i sin kommune. Signo Konow Senter i Bergen har ein sjukeheim for døve/tunghørde med teiknspråkkompetanse i driftsavtale med Bergen kommune. Skal døve/tunghørde frå andre kommunar få plass her, må det baserast på ein avtale med Konow Senter og Bergen kommune.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.12.2017

Røysting

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vil oppfordre alle som er medlemmar i kommunale råd om å ta sette spørsmålet opp med administrasjonen i sin kommune. Signo Konow Senter i Bergen har ein sjukeheim for døve/tunghørde med teiknspråkkompetanse i driftsavtale med Bergen kommune. Skal døve/tunghørde frå andre kommunar få plass her, må det baserast på ein avtale med Konow Senter og Bergen kommune.

PS 46/17 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.12.2017

Kl. 9:05: Seksjonsleiar Nils Egil Vetlesand orienterte om forslag til budsjett 2018.

Brannøvinga blei utsatt.

Inge Fiskvik (FFO) kom med fylgjande opplysning: Det er sett fram forslag til budsjett for 2018 for Helse-Bergen. Det går fram at det er sett fram forslag om å leggje ned eit av terapi-bassenga ved Haukeland Universitetssjukehus. RMNF var einiga om at dette var ein sak for Brukarutvalet for Helse-Bergen.

Fiskvik sette fram fylgjande uttale:

«RMNF er blitt gjort kjend med forslaget til budsjett for 2018 for Helse-Bergen, der det går fram at Terapibassenga ved Haukeland Universitetssykehus står i fare for å bli lagt ned. Dette vil få alvorlege ringverknader for store grupper av menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland. RMNF vil be om at brukargruppene som er avhengig av dette tilbodet, både som faste brukarar og leietakrarar, vil få oppretthaldt sitt tilbod.»